

## Bratt og Blåttprisen

Statutt:

Nemnda kan gje prisen til den dei vil når dei vil!

### Årets prisvinnar 2014:

På femtitalet var bluesen verdensrådande. Sør-Louisiana var grobotnen for ein eksplosjon av noko av den mest minneverdige amerikanske musikken som er registrert. I hjartet av dette var vår mann. Dei dagane er borte. Det er også dei fleste av utøvarane, men ikkje dagens prisvinnar. Han ber denne tradisjonen nesten eigenhendig verda rundt fleire gongar kvart år. Han er i sanning ei ekte levande legende og er like etterspurd, også i sitt 81 år. Hans eigentlege namn er Leslie Johnson, men han fekk namnet «Lazy Lester» av ein plateprodusent på grunn av ein tilbakelemt musikalsk stil, noko han endå er kjend for.

På Excello Records på 1950 og 60-talet hadde han store hits som han framleis framfører med presisjon og innleving. Mange meiner han no er på sitt beste som utøvar. Lazy Lester er levande historie. Han starta karriera si saman med dei aller største namna i bluesen som Buddy Guy, Lightnin' Hopkins og Slim Harpo. Han er opphavsmann til berømte låtar som «I hear you knocking» og «Suger coated love». Låtar som er nytta og innspela av artistar verda over, og som alltid vil vere ein del av oss som elska the blues.

Lazy Lester var her i fjor og bad sjølv om å få kome attende i år. Og det fekk han sjølvsagt!

Vi i bratt og blått er utruleg kry av å kunne gje denne bluesprisen meining også i år.

**Årets bluespris går til Lazy Lester.**

